

# Foreldreinno mars

## FAU/SU/SMU

- Siste møte i FAU for skuleåret 20/21 var 25.03.21. De finn referatet [her](#).
- Det blir valmøte i FAU den 11.05.21 kl 19.00. Alle foreldre blir inviterte til digitalt møte i regi av FAU. Valnemda har kandidat klar til leiarvervet.
- Me håper alle har hatt gode og konstruktive heim-skule samtalar. Alle elevar profiterer på at det er eit godt samarbeid på vaksennivå, så ikkje nøl med å ta kontakt med skulen om du har spørsmål eller innspel!
- Minner om å velga ny vara foreldrekontakt i dei enkelte klassane på foreldremøtet i vår. Avtal trinnvis om det er klassekontakt eller kontaktlærer som melder ny person inn til rektor.

## Uteområdet

Renate Hermansen vil starta opp dekorasjon av vegg utanfor K&H rommet i påsken dersom veret tillet dette. Me gler oss til å få på plass meir fargar og få fokus på visjon og verdiar som skal prega kvardagen på Vikeså skule.

Me held og på å avgjer kven som skal få arbeidet med å sette opphaldtak og benker no i 2021. Til saman håper me dette blir eit stort løft for uteplassen til dei eldste elevane!

## Tilsettingar

Skulen har arbeida med å få på plass tilsette til neste skuleår. Me har tilsett 5 lærarar i vikariat, 6 miljørettleiarar og held på å avklara i forhold til ny SFO-leiar. Det er kjekt at stillingane på skulen er populære, og at mange søkarar seier dei høyrer fine ting om Vikeså skule via jungeltelegrafan.



I klimaveka bidrog alle elevane til kunstverk kalla «Sommarfugleffekten». Prosjektet skal illustrera at når alle bidreg med litt, kan det bli noko stort.. Verka er no hengt opp på begge bygg. Her ser de resultatet på barnetrinnsbygget:



## Innsamlingsaksjon

Det blir aksjonsveke 07.06-11.06. Klassane samlar inn pengar klassevis. Prosjektet vi har valgt i år er i regi av Hei Verden. Prosjektet fokuserer på barn sin rett til utdanning, og dette året støttar vi eit [båtskuleprosjekt i Bangladesh](#) som gjer slik at borna kan gå på skule heile året, inkl. flomsesongen.

Også denne månaden kjem infoskrivet litt tidleg grunna ferie. Skigåing, lemming, hagearbeid, påskeegg og turar står nok på programmet i fleire heimar.. Me ønsker dykk alle ein avslappande og fin påskeferie, så gler me oss til å treffa elevane att på skulen tysdag den 06.04.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

